


Alternativ til Orkanger hamn?

- Utbygging av regionhamn på Grønøra vil føre til
 - Alvorleg skade på naturverdiar, uansett alternativ
 - Auka trafikk gjennom Orkanger, støy, støv m.m
 - Lite framtidsretta: Verken rom for utviding utan nye store inngrep, og kan aldri bli knytt til jernbane
 - Fører til kraftig nedbygging av dyrka mark og naturområde
- To framtidsretta alternativ med vesentleg mindre miljøskade, og som kan bli knytt til jernbane
 - Ila/ Trolla i Trondheim
 - Strekninga Thamshavn til Storsand

Alternativ i Orkdal og Skaun?


- Trinn 1: "AKS" + "Fisklim og Forstoff" kan gje 125 mål hamn og industriareal med avgreinsa tiltak
- Trinn 2: Større tiltak på strekninga AKS til Storsand kan gje 600 mål hamn og industriareal med rom for utviding
- Vegtransporten rett opp på E39, ikkje gjennom Orkanger
- 7 - 9 km kortare til dei sentrale godsanlegga på Tiller og godsterminal på Torgård eller Melhus enn frå Orkanger vest
- Kan bli knytt til jernbane i framtida
- Vesentleg mindre natur- og miljøskade, og ikkje press på dyrka mark
- Ikkje negativt for bumiljøet på Orkanger og Råbygda



Trinn 1: "AKS" og "Fisklim og Forstoff"

125 mål hamn og industriareal, bygget ut gjennom moderate tiltak

Området rundt AKS med utfylling til
ca 5 meters djup = 20 daa



Kartgrunnlag: kart.kystverket.no


Området rundt Fisklim og Forstoff med utfylling til ca 5 meters djup = 20 daa (utan sprenging i innerkant).



Kartgrunnlag: kart.kystverket.no

Utfylling til ca 5 meters djup og 10 meters djup (kaifront) = 125 daa.

Tilstrekkeleg masse å hente på området gjennom sprenging mot gamle E39



Kartgrunnlag: kart.kystverket.no



Trinn 2. "AKS" til "Storsanden"


Trinnvis utbygging til 600 mål hamn og industriareal
Kan skje som utviding av trinn 1

Trinn 2.a: Området ved Storsand har god plass mellom E39-tunnelen og sjøen, utan konflikt med E39


Vil kunne berøre gardstun (nedlagd?).
Må takast med i vurderinga.




Trinn 2.b: AKS + Fisklim og Forstoff + Storsand:
450 mål hamn + industriareal
3 km strekning
Tilstrekkelig lokal masse for utfylling



Utvide området AKS + Fisklim og forstoff":
Flytte starten på den foreslåtte "miljøtunnelen" til Bårdshaug lengre ut, og få plass til 300 mål hamn og industri ved AKS + Fisklim og forstoff.



Trinn 2 fullt bygget ut.
600 mål i 3 km lengd



Kartgrunnlag: kommunekart.no

Trinn 3. Ytterlegare utbygging

Arealet, hamna og bruksområdet kan bli ytterlegare utvida:

- Innover med fjellhallar
- Utover med flytande kaielement i betong
- Tilkopling til jernbane

Samarbeid med Skaun

- Orkdal og Skaun må kunne samarbeide om dette, for å oppnå beste miljømessige løsning, uavhengig av om hamna kjem i Orkdal eller Skaun.
(Kvar vil kommunegrensa gå i framtida)

Teknisk mogleg og miljømessig bra

- Logistikknutepunkt (sjø, veg og bane) på strekninga Thamshavn – Storsand vart vurdert i Jernbaneverkets store utgreiing i 2011
 - Ikkje avvist på grunn av tekniske problem/konflikt med E39, men på grunn grunn av kostnad med lang tilknytning til jernbane og fjellsprenging
 - Fekk beste miljøskår saman med Trolla/Ila og Børsberga

Kostbart med alternativ?

Avhengig av korleis ein reknar

- Kor mykje kostar
 - Tapte naturverdiar i Råbygdfjæra, Grønøra aust og lakseelva Orkla?
 - Tap for friluftslivet?
 - Tapt livskvalitet for folk i nedre del av Orkdal. Støy, støv, trafikk og visuelt?
 - Tapt naturområde og dyrka mark ved omgjerung til industriområde?
- Naturverdiar og dyrka mark har eit internasjonalt perspektiv, og representerer «evige verdiar» som grunnlag for menneskeleg eksistens
- Økosystemtenesteutvalgets utgreiing i 2013 representerte eit steg i retning av å vurdere dei reelle tapane ved naturinngrep
- Naturmangfaldlovas §12 krev at beste miljømessige løysing skal bli brukt (sjølv om det skulle koste ein del meir)